



Breheimen
nasjonalparkstyre

Møteinnkalling

Utvalg: Breheimen nasjonalparkstyre

Møtested: Teams

Dato: 03.10.2025

Tidspunkt: 10:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til nasjonalparkforvalter. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 31/25	Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 32/25	Breheimen NP - 2025 - trekt klage - nytt tidspunkt for retting av bru ved Trulsbu turisthytte – vedtak om tvangsmulkt - DNT Oslo og Omegn		2023/15640
ST 33/25	Breheimen NP - dispensasjon - 2025-2029 - oppsetting av føringsautomat for fjellrev - Norsk institutt for naturforskning v/ Nina Eide		2025/7220
ST 34/25	Honnsrøve NR - dispensasjon - 2025 - oppføring av ny utedo - Skjåkvegen 4408 - Rolv Enersvold		2025/8157

ST 31/25 Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar /



Arkivsaksnummer: 2023/15640-21

Saksbehandlar: Stein Magne Grevrusten

Dato: 29.09.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	32/25	03.10.2025

Breheimen NP - 2025 - trekt klage – nytt tidspunkt for retting av bru ved Trulsbu turisthytte – vedtak om tvangsmulkt - DNT Oslo og Omegn

Innstilling frå forvaltar

Breheimen nasjonalparkstyre viser til vedtak med saksnummer 2023/15640-15 frå styremøtet den 20.06.2025. I styremøtet den 03.10.2025 har Breheimen nasjonalparkstyre gjort følgjande vedtak:

1. Om retting av tiltak

- Tidsfrist for gjennomføring av retting/fjerning av brua ved Trulsbu blir endra. **Ny og endeleg tidsfrist for retting blir sett til 20.09.2026.** Det blir elles vist til kulepunktta under punkt 1 i vedtak med saksnummer 2023/15640-15.

2. Om tvangsmulkt

- Det blir vist til førehandsvarsel om tvangsmulkt i vedtak med saksnummer 2023/15640-15 frå styremøtet den 20.06.2025.

Breheimen nasjonalparkstyre vedtek at dersom brua ved Trulsbu ikkje er fjerna frå dagens plassering innan 20.09.2026, vil det bli kravd tvangsmulkt på kr. 500 pr. dag inntil brua er fjerna.

Sjå punkt 1 i vedtak med saksnummer 2023/15640-15 som forklarar kva som må gjerast for at rettinga skal bli godkjent. Ta eventuelt kontakt med nasjonalparkforvaltar for meir informasjon om nødvendig. Dette vedtaket er gjort med heimel i naturmangfaldlova § 73.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. Forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men skal sendast til Breheimen nasjonalparkstyre.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Melding om at DNT Oslo og Omegn trekkjer klaga på vedtak om retting av bru ved Trulsbu og førehandsvarsel om tvangsmulkt. Motteke 22.09.2025.
- Klage på vedtak om retting av bru ved Trulsbu og førehandsvarsel om tvangsmulkt frå DNT Oslo og Omegn. Motteke 15.08.2025.
- Innvilga frist for klage frå Breheimen nasjonalparkstyre. Sendt ut 07.07.2025.
- Søknad frå DNT Oslo og Omegn om utsett frist for klage. Motteke 04.07.2025.
- Vedtak Breheimen nasjonalparkstyre - vedtak om retting av bru ved Trulsbu og førehandsvarsel om tvangsmulkt. Styremøte den 20.06.2025. Saksnummer 2023/15640-15.
- E-post frå hyttetilsyn Breheimen m. bl.a. informasjon om snøforhold Trulsbu. Motteke 19.03.2025.
- Uttale frå hyttetilsyn Breheimen. Motteke 28.10.2024.
- Uttale frå DNT Oslo og Omegn. Motteke 15.10.2024.
- Førehandsvarsel om mogleg pålegg om retting frå Breheimen nasjonalparkstyre. Sendt 14.10.2024.
- E-post frå DNT Oslo og Omegn om at bru er montert på feil lokalitet. Motteke 05.07.2024.
- Vedtak Breheimen nasjonalparkstyre – løyve til utskifting av bru. Styremøte den 29.02.2024. Saksnummer 2023/15640-5
- Meir informasjon om utskifting av bru frå DNT Oslo og Omegn. Motteke 21.02.2024.
- Skjåk allmenning: Vedtak utskifting av bru ved Trulsbu. Motteke 02.02.2024.
- Søknad frå DNT Oslo og Omegn, utskifting av bru ved Trulsbu turisthytte - DNT Oslo og Omegn. Motteke 19.12.2023.

Bakgrunn

Sjå beskriving om sakens bakgrunn i vedtak frå Breheimen nasjonalparkstyre sitt styremøte den 20.06.2025 (saksnummer 2023/15640-15).

Heimelsgrunnlag

Delegering

Miljøverndepartementet har i brev av 1. februar 2011 delegert forvaltningsmynde for Breheimen nasjonalpark til Breheimen nasjonalparkstyre. Dette er gjort med medhald i naturmangfaldlova § 62.

I brev datert 10.03.2025 har Miljødirektoratet delegert myndighet i følgjande paragrafar i naturmangfaldlova til nasjonalparkstyret:

- § 69 fyrste ledd
- § 70 andre ledd
- § 71 fyrste ledd
- § 73 fyrste ledd
- § 73 fjerde ledd

Verneformål – forskrift

Føremålet med Breheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde som inneheld særeigne, representative økosystem og landskap utan tyngre inngrep. Vidare er føremålet med nasjonalparken m.a. å ta vare på eit høg fjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald, ta vare på leveområde til villreinstammen i Reinheimen-Breheimen villreinområde, vegetasjon og landskap, og å ta vare på kulturminne. Ålmenta skal ha høve til uforstyrra oppleving av naturen gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging.

Naturmangfaldlova

I følgje nasjonalparkstyret sine vedtekter har styret eit ansvar for å følgje opp alle ulovlege forhold i verneområda som styret får kjennskap til. Dette kan eksempelvis vere brot på naturmangfaldlova, brot på verneforskriftene, eller brot på enkeltvedtak eller vilkår i eit løyve som er gjeve.

Om **retting og avbøtande tiltak** seier § 69 i naturmangfaldlova følgjande:

Myndigheten etter loven kan pålegge den ansvarlige å rette eller stanse forhold som er i strid med loven eller vedtak med hjemmel i loven.

Den som ved å overtre loven eller vedtak med hjemmel i loven forårsaker fare for forringelse av naturmangfoldet, skal sette i verk tiltak for å forhindre at slik forringelse skjer. Har forringelsen allerede inntrådt, gjelder plikten hindring av ytterligere forringelse og – om mulig – gjenoppretting av den tidligere tilstand for mangfoldet ved oppsamling, rydding, fjerning, planering eller andre egnede tiltak. Tiltak som i seg selv kan medføre miljøforringelse av noen betydning, skal bare iverksettes etter samtykke av myndigheten etter loven eller pålegg etter første ledd.

Plikten til forebygging, utbedring og gjenoppretting gjelder ikke i den utstrekning det i lys av kostnadene og virkningene av tiltakene, miljøvirkningene av overtredelsen og overtrederens skyld og økonomiske stilling, ville være særlig urimelig.

Tiltak etter denne paragrafen kan gå ut på avliving av fremmede organismer som overtredelsen gjelder, eller tilbakeføring av levende organismer til opprinnelsesstedet.

Om **tvangsmulkt** seier § 73 i naturmangfoldlova følgjande:

For å sikre at bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven blir gjennomført, kan myndigheten etter loven fatte vedtak om tvangsmulkt.

Tvangsmulkt kan fastsettes når overtredelse av en bestemmelse er oppdaget.

Tvangsmulkten begynner å løpe dersom den ansvarlige oversitter den frist for retting av forholdet som myndigheten etter loven har fastsatt. Tvangsmulkt kan fastsettes på forhånd dersom særlige grunner tilsier det, og løper da fra en eventuell overtredelse tar til. Det kan fastsettes at tvangsmulkten løper så lenge det ulovlige forhold varer, eller at den forfaller for hver overtredelse. Tvangsmulkt løper likevel ikke dersom etterlevelse er umulig på grunn av forhold som ikke skyldes den ansvarlige.

Tvangsmulkt kan fastsettes som løpende mulkt eller engangsmulkt.

Tvangsmulkt pålegges den ansvarlige for overtredelsen. Er overtredelsen skjedd på vegne av et selskap eller en annen sammenslutning, en stiftelse eller et offentlig organ, skal tvangsmulkten vanligvis pålegges dette. Er tvangsmulkt pålagt et selskap som inngår i et konsern, kan påløpt tvangsmulkt også inndrives hos morselskap.

Departementet kan frafalle påløpt tvangsmulkt. Avgjørelsen regnes ikke som enkeltvedtak etter forvaltningsloven.

Vurdering

I styremøte den 20.06.2025 gjorde Breheimen nasjonalparkstyre vedtak (2023/15640-15) om retting av bru ved Trulsbu som ikkje var oppført i tråd med løyvet. I tillegg gav Breheimen nasjonalparkstyre førehandsvarsel om tvangsmulkt. DNT Oslo og Omegn søkte om utsett frist for klage med bakgrunn i at klagefristen kom midt i ferieperioden. I samråd med styreleiar vart det gjeve utsett klagefrist fram til 15.08.2025. Det vart også gjeve utsett frist for uttale i samband med førehandsvarsel om tvangsmulkt. Klage og uttale vart motteke frå DNT Oslo og Omegn den 15.08.2025.

I telefonsamtale og e-post frå DNT Oslo og Omegn den 22.09.2025 vart klaga på vedtaket trekt. I e-posten frå DNT Oslo og Omegn står følgjande:

Jeg viser til samtale i dag og vi trekker vedlagte klage som vi oversendte 15. august. Vi avtalte følgende:

- Kravet om fjerne brua opprettholdes, men vi kan fjerne brua i 2026 etter nærmere avtale. Jeg håper vi kan finne et tidspunkt som koordineres med når en ny bru er på plass.*
- Vi kan utføre snømålinger i vinter for om mulig å finne et egnet brusted i nærheten av den opprinnelige plasseringen. Hvis vi finner et egnet sted, må vi sende en ny søknad om denne plasseringen for brua.*
- Hvis vi ikke finner en ny bruplassering må vi bruke tidligere brusted for en sommerbru.*

For ordens skyld er det fint med bekreftelse på dette, og hvis det er spørsmål er det bare å ta kontakt.

Med bakgrunn i at DNT Oslo og Omegn har trekt klaga på vedtaket med saksnummer 2023/15640-15, blir vedtaket oppretthalde. I denne sammenhengen blir det derfor berre tidsfristen for gjennomføring som skal vurderast. I vedtaket frå juni i år vart fristen for gjennomføring av retting sett til 01.11.2025. Sjølv om det er at fleire dagar før denne tidsfristen går ut, meiner nasjonalparkforvaltar at det er fornuftig å utsetje fristen for retting til neste år. Det er nå seint på hausten og i høg fjellet kan ein vente ulikt vær i tida framover. Nasjonalparkforvaltar meiner også at det ikkje har noko å si for verneverdiane at brua bli ståande over denne vinteren og fram til utpå sumaren. Nasjonalparkforvaltar føreslår at ny frist for gjennomføring av retting blir sett til 20.09.2026.

Utgangspunktet for retting i denne saken er ordlyden i vedtaket frå juni 2025:

Med heimel i § 69 fyrst ledd i naturmangfaldlova gjev Breheimen nasjonalparkstyre pålegg om at DNT Oslo og Omegn må rive brua som vart bygd ved Trulsbu sumaren 2024.

- *Brua kan byggjast opp at på plassen som er i tråd med løyvet frå nasjonalparkstyret i sak 9/24 datert 29.02.2024.*
- *Dersom dette ikkje er aktuelt med bakgrunn i snømengdene på plassen, kan DNT Oslo og Omegn velje å ikkje bygge opp at brua, og heller etablere ei bru som blir lagt ut og teke inn vår og haust på same plassen som tidlegare.*

I dette ligg det føringar om at DNT Oslo og Omegn må ta høgde for at brua skal ligge der det vart gjeve løyve til i vedtak frå februar 2024. Nasjonalparkforvaltar meiner likevel at DNT Oslo og Omegn sitt feltpersonell kan gjennomføre snømålingar i nærleiken til opphavlege bruplassering gjennom vinteren, for å sjå om mindre justeringar av bruplassering kan gjere det meir gunstig med tanke på snømengde. Dette forutsett at målingane blir gjort når personellet har andre turar inn til Trulsbu, som ved varekøyning, stikking av skiløype og liknande. Nasjonalparkforvaltar forventar at snømålingar og eit eventuelt ønskje om justering av plassering blir gjort i tett dialog med nasjonalparkforvaltar. Nasjonalparkforvaltar vil også påpeike at ei eventuell endra plassering av bru er søknadspliktig.

Om tvangsmulkt

I styremøtet den 20.06.2025 gav også Breheimen nasjonalparkstyre førehandsvarsel om tvangsmulkt. I slike saker er det vanleg at nasjonalparkstyra kan gjere vedtak om tvangsmulkt for å sikre at eit eventuelt pålegg om retting blir gjennomført. I § 73 i naturmangfaldlova om tvangsmulkt står det bl.a.:

- *Naturmangfoldloven § 73 gir adgang til å fatte vedtak om tvangsmulkt. Tvangsmulkt er en pengebot som kan gis til den som ikke etterkommer et pålegg om retting. Formålet med tvangsmulkten er å legge press på den ansvarlige om å utføre rettingen i samsvar med pålegget. Mulkten kan gis som engangsbeløp som påløper når fristen for å gjennomføre vedtaket er oversittet eller som en løpende mulkt.*

Det skal alltid være mulig for den ansvarlige å unngå tvangsmulkten ved å gjennomføre pålegget innen en fastsatt frist. Er fristen i vedtaket utløpt uten at forholdet er rettet, kan tvangsmulkt kreves fra dette og helt frem til rettingen er

gjennomført. Tvangsmulkt løper ikke dersom etterlevelse av pålegget er umulig på grunn av forhold som ikke skyldes den ansvarlige.

Tvangsmulkten kan føles som en bot eller et gebyr, men regnes ikke som straff. Det betyr at det kan legges overtredelsesgebyr for ulovligheten som var grunnlaget for krav om retting eller at forholdet kan politianmeldes selv om det gis tvangsmulkt.

Vurderingen av om det skal fattes vedtak om tvangsmulkt bør som hovedregel tas uavhengig av om saken politianmeldelse eller besluttet å følge opp med overtredelsesgebyr.

I klaga frå DNT Oslo og Omegn, som dei nå har trekt, er det også ei uttale i samband med førehandsvarselet om tvangsmulkt. Her står det:

Fristen for retting er satt til 1. november 2025 og i utgangpunktet er dette løsbart. Det er imidlertid noen elementer vi ikke rår over. I praksis må det flys helikopter for å flytte brua, og vi vet av erfaring at det er lite ønskelig å fly i reinsjakta, og vi rår ikke over været i høyfjellet i slutten av oktober. Vi har ingen intensjon om å havne i den situasjonen at tvangsmulkt blir aktuelt, men siden dette kan ha betydning for evt. tvangsmulkt, har vi et innspill til pkt. 2b i vedlagte dokument om bla frist for tvangsmulkt. Fra vårt ståsted hadde det vært fornuftig at betingelsen i 1b hadde følgende tillegg «.... 01.11.2025 hvis ikke annet er avtalt med nasjonalparkforvaltningen».

Tvangsmulkt er ikkje rekna som straff og det skal alltid vere mogleg for den ansvarlege å unngå tvangsmulkta. Med bakgrunn i endring av tidsfrist i denne saka, bør det nå vere rikeleg med tid til å gjennomføre rettinga. Når det gjeld størrelsen på tvangsmulkt er det i liknande saker vanleg å bruke ei tvangsmulkt på 500,- pr. dag.

Nasjonalparkforvaltar meiner derfor at det kan gjerast vedtak om tvangsmulkt i denne saka med følgjande ordlyd:

Det blir vist til førehandsvarsel om tvangsmulkt i vedtak med saksnummer 2023/15640-15 frå styremøtet den 20.06.2025.

Breheimen nasjonalparkstyre vedtek at dersom brua ved Trulsbu ikkje er fjerna frå dagens plassering innan 20.09.2026, vil det bli kravd tvangsmulkt på kr. 500 pr. dag inntil brua er fjerna.

Sjå punkt 1 i vedtak med saksnummer 2023/15640-15 som forklarar kva som må gjerast for at rettinga skal bli godkjent. Ta eventuelt kontakt med nasjonalparkforvaltar for meir informasjon om nødvendig. Dette vedtaket er gjort med heimel i naturmangfaldlova § 73.



Arkivsaksnummer: 2025/7220-2

Saksbehandlar: Stein Magne Grevrusten

Dato: 29.09.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	33/25	03.10.2025

Breheimen NP - dispensasjon - 2025-2029 - oppsetting av fôringsautomat for fjellrev - Norsk institutt for naturforskning v/ Nina Eide

Innstilling frå forvaltar

I styremøte den 03.10.2025 har Breheimen nasjonalparkstyre gjeve Norsk institutt for naturforskning (NINA) løyve til å setje ut inntil 6 fôringsautomatar for fjellrev i Breheimen nasjonalpark. Løyvet er gjeve med heimel i § 3 pkt. 1.3 bokstav l i verneforskrift for Breheimen nasjonalpark.

Følgande vilkår gjeld for løyvet:

- Det kan setjast ut fôringsautomat på følgande lokalitet i tråd med søknaden:
 - Tverrfjellet/Grjotådalen (mellom Lundadalen og Tundradalen)
 - Krosshøe (Sognefjellet)
 - Det blir i tillegg gjeve løyve til utsetjing av inntil 4 fôringsautomatar til innanfor Breheimen nasjonalpark. Lokaliteten for desse skal avklarast med nasjonalparkforvaltar før automatane kan setjast ut.
- Ein fôringsautomat kan bestå av inntil 3 plasttønner og 1-2 lagertønner for tørrfôr. Fôringsautomatane skal merkes i tråd med søknaden og det kan installerast viltkamera.
- Fôringsautomat og lagertønner skal stå samla på ein plass, og alt skal sikrast mot sterk vind.
- Fôringsautomatane skal plasserast inntil stor stein eller berg slik at dei er minst mogleg synleg i landskapet. Tønnene skal også ha ei farge som går godt med terrenget rundt.
- Løyvet gjeld for perioden 2025 – 2029, men kan forlengast etter ny søknad.
- Breheimen nasjonalparkstyre kan krevje at fôringsautomatane blir fjerna dersom verneverdiane i området blir negativt påverka.

- Når tiltaket/prosjektet blir avslutta skal alle installasjonar fjernast frå verneområdet.

Vi gjer oppmerksom på at dette løyvet berre gjeld i forhold til verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark. Søkjar er sjølv ansvarleg for å innhente eit eventuelt løyve etter anna lovverk frå Skjåk kommune og grunneigar.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men sendast til Breheimen nasjonalparkstyre.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad frå Norsk institutt for naturforskning (NINA), datert 23.04.2025.

Saksopplysningar

Kort oppsummering av søknaden (ordinær søknad ligg vedlagt):

1. Søker og tiltak

Søker: Norsk institutt for naturforskning (NINA)

Tiltak: Oppsetting av inntil seks fôrautomater for fjellrev i Breheimen nasjonalpark

2. Formål


- Øke konnektivitet mellom fjellrevbestander i Snøhetta/Knutshø og Finse/Hardangervidda
- Etablere nye delbestander i mellomliggende fjellområder
- Styrke bevaringsarbeidet for fjellrev i Norge

3. Planlagt plassering

- To fôrautomater planlagt først:
 - Tverrfjellet/Grjotådalen (Sjåk Allmenning)
 - Krosshøe (Statens grunn, Lom Fjellstyre)
- Fire ekstra automater kan settes opp senere ved behov
- Eksakte posisjoner ettersendes etter oppføring

4. Teknisk utforming

- Fôrautomater består av tre sammenkoblede tønner med 150 mm rørinngang
- Lagertønner for tørrfôr plasseres i nærheten
- Forankres i fjell med vaier og jekkestropper
- Viltkamera monteres 5–10 meter unna for overvåkning
- Alt utstyr merkes med skilt og QR-kode



Teknisk tegning av fjellrevautomatene, se også foto under.



En av de oppsatte fjellrevautomatene i Reinheimen, med lagertønne stroppet uten på automaten. Viltkamera og informasjonsskilt festet på stolpen. Foto: Per Olav Haugen, SNO

5. Varighet og drift

- Søkes om dispensasjon for 10 år (2025–2034)
- Automatene røktes av Statens naturoppsyn (SNO) og lokalt fjelloppsyn
- Oppfølging ca. annenhver måned, justert etter aktivitet
- All aktivitet loggføres i Forlogg (digital plattform)

6. Finansiering og ansvar

- Finansiert av Miljødirektoratet
- NINA har ansvar for koordinering, utstyr, dispensasjoner og evaluering
- SNO og lokale aktører står for praktisk drift

Heimelsgrunnlag

Delegering

Miljøverndepartementet har i brev av 1. februar 2011 delegert forvaltningsmynde for Breheimen nasjonalpark til Breheimen nasjonalparkstyre. Dette er gjort med medhald i naturmangfaldlova § 62.

Verneformål – forskrift

Føremålet med Breheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde som inneheld særeigne, representative økosystem og landskap

utan tyngre inngrep. Vidare er føremålet med nasjonalparken m.a. å ta vare på eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald, ta vare på leveområde til villreinstammen i Breheimen-Breheimen villreinområde, vegetasjon og landskap, og å ta vare på kulturminne. Ålmenta skal ha høve til uforstyrra oppleving av naturen gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging.

Forvaltningsmyndigheita kan gje løyve til bl.a.: «*naudsynte inngrep i samband med artsforvaltning*» (§ 3 pkt. 1,3 bokstav l i verneforskrift for Breheimen nasjonalpark).

Forvaltningsplan

Forvaltningsplanen for Breheimen nasjonalpark har ikkje egne retningslinjer knytt opp mot fjellrev. Det finst altså ikkje eit spesifikt forvaltningsmål for fjellrev åleine i Breheimen nasjonalpark, men fjellreven fell inn under dei overordna måla for ivaretaking av naturmangfald og økosystem i verneområdet.

Ifølgje forvaltningsplanen og verneforskrifta for Breheimen er målet mellom anna å: «ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega fjellområde og eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald». Dette inneber at artar som høyrer naturleg heime i høgfjellet – som fjellreven – skal ha gode levevilkår. I tillegg er det eit nasjonalt mål å halde oppe eller byggje opp att truga artar til livskraftige nivå. Fjellreven er klassifisert som sterkt truga (EN) i Noreg, og tiltak som støttefôring og mogleg etablering av delbestandar i Breheimen, og andre områder, er i tråd med desse måla.

Naturmangfaldlova

Omsynet til verneverdiane i området blir vurdert, særleg i forhold til landskap, dyreliv og friluftsliv, jf. verneforskrifta § 2 og naturmangfaldlova §§ 1(Føremål), 4 og 5 (forvaltningsmål for naturtypar, økosystem og artar), samt § 7 (prinsipp for å ta offentleg avgjerd), jf. § § 8-12 (kunnskapsgrunnlaget og miljørettslege prinsipp).

Vurdering

Arbeidet med bevaring av fjellrev i Noreg har pågått i fleire år, med utsetjing av fjellrev frå avlsprogrammet i ulike fjellområde som eksempelvis Snøhetta/Knutshø, Finse og Hardangervidda. For å styrke den genetiske samanhengen mellom desse delbestandane vil NINA prøve å etablere mindre delbestandar i dei mellomliggande fjellområda.

I Miljødirektoratets handlingsplan for fjellrev (2025-2029) finn ein følgande visjon: «*Visjonen er at den fennoskandiske fjellrevbestanden er livskraftig og ikke har behov for ytterligere bevaringstiltak. Bestandens geografiske utbredelse dekker den fennoskandiske fjellkjeden og bestanden er tilstrekkelig stor og geografisk sammenhengende til at fjellreven finner ubeslektede partnere å pare seg med. Den fennoskandiske bestanden består av minst 2000 kjønnsmodne individer og i gode lemenår med intervall på 3–5 år fødes det minst 500 kull*».

I handlingsplanen er det bl.a. gjort greie for følgande bestandsforsterkande tiltak i felt:

1. Støttefôring i eksisterande bestandar
2. Støttefôring i mellomliggande fjellområde
3. Jakt på raudrev

4. Redusere tilgangen til mat for raudreven langs infrastruktur i fjellet
5. Avl og utsetting av fjellrevkvelpar
6. Forhindre hybridisering med farmrev

I dette tilfellet er det søkt om tiltak som går inn under punkt 2 ovanfor. Her står det i handlingsplanen: *«Mellom flere av dagens kjerneområder for fjellrev, er det fjellområder hvor det ikke er fast forekomst av fjellrev. Det er et behov for etablering av fjellrev i disse mellomliggende fjellområdene, slik at man i større grad kan knytte bestanden sammen. Oppsett av førautomat i nærheten av gamle, forlatte fjellrevhi, har vist seg å være et effektivt tiltak for å fremskynde rekoloniseringen i mellomliggende fjellområder (Hasselgren et al. 2014, Hemphill et al. 2020). I Sverige er det i noen tilfeller registrert at fjellrev har etablert seg i gamle, forlatte fjellrevhi allerede året etter det er satt opp ny førautomat. Kull er registrert på de nyetablerte hiene straks lementilgangen er god nok. Oppsett av nye førautomater i viktige mellomliggende fjellområder er et viktig tiltak for å nå målet om en "genetisk sammenhengende bestand"».*

Ved påsketider 2025 vart det løyvd ekstra midlar over statsbudsjettet til utviding av prosjektet om støtteføring av fjellrev. I Breheimen er det søkt om å setje opp inntil seks førautomatar, men det er i første omgang planlagt å setje opp to, med moglegheit for fleire dersom det vert observert fjellrevaktivitet i andre delar av området.

Det er Statens naturoppsyn (SNO) som skal stå for det praktiske arbeidet med utkøyring og tilsyn med førautomatane gjennom året. SNO har eigen heimel for motorferdsel i samband med gjennomføring av forvaltningsoppgåver i verneområda.

Nasjonalparkforvaltar meiner at det er tilstrekkeleg kunnskap om området og konsekvensane av tiltaket. Med bakgrunn i databasar (Naturbasen og Artsdatabanken), forvaltningsplanen for Breheimen, ulike naturfaglege rapportar og generell kunnskap om området, er det god oversikt over kva som kan påverke natur og miljø negativt. For å ivareta naturmiljøet kan forvaltningsmyndigheita bl.a. stille villkår som har som formål å avgrense ein eventuell skadeverknad av eit løyve.

Fjellreven har tidlegare vore ein naturleg del av høgfjellsøkosystemet, og tiltak som kan betre forholda for eventuell fjellrev i Breheimen, og samtidig styrke forbindelsen med større fjellrevbestandar i Noreg, er positivt. Det er lang erfaring frå støtteføring av fjellrev i Noreg. Det er så langt det ikkje registrert negative hendingar som påverkar økosystemet. Både utsetting av fjellrev og støtteføring har gjeve gode resultat for fjellreven sin utbreiing i delar av landet. Det finst lite historisk dokumentasjon på fjellrev i Breheimen, men observasjonar frå publikum tyder på at arten ferdast i desse fjellområda. Erfaring viser at fjellreven raskt tek i bruk gamle hi når han etablerer seg i nye område.

Reetablering av fjellrev i eit område kan i fyrste omgang påverke bestanden av fugl/egg og smågnagarar. I samanliknbare områder kan ein rekne med at dietten til ein fjellrev består av ca. 20 % fugl og at resten består av åtsel og smågnagarar. I denne saka er det mest sannsynleg at ei eventuell reetablering av fjellrev ikkje vil få nokon stor effekt fordi det vil vere prat om fåe individ.

Da er det større grunn til å vere bekymra for dagens utbreiing av raudrev som er større og meir dominant enn fjellreven. Fjellreven og raudreven har i stor grad den same dietten gjennom året. Fjellreven unngår vanlegvis område med raudrev, og det er tilfelle der raudreven har drepe fjellrevvalpar og teke over hi. Raudreven har i aukande grad trengt inn i

fjellområde som tidlegare var fjellreven sitt domene. Bakgrunnen for det er bl.a. klimaendringar og menneskeleg aktivitet (slakteavfall, søppel, hyttebygging, vegar) som gjev raudreven betre tilgang på mat, og dermed auka utbreiing inn i høgfjellet. I denne samanhengen blir det også vist til Norsk institutt for naturforskning sin utgreiing om prosjektet og eventuelle konsekvensar av tiltaket på styremøtet den 5. september 2025.

Området der automatane skal stå ligg innanfor leveområdet til villrein. Kvalitetsnormen for villrein viser at spesielt området ved Tverrfjellet/Grjotådalen er viktig for villreinen hele året med tanke på heilårsbeite og kalving. Fôrautomatane og kamera vil i seg sjølv ikkje vere negativ for villreinen. Tilsyn av automatane kan derimot ha ein viss påverknad, men ferdseilen i samband med automatane vil vera minimal.

Ut frå ei samla vurdering meiner nasjonalparkforvaltar at tiltaket ikkje vil vere i strid med verneføremålet eller påverke verneverdiane nemneverdig. I søknaden er det lagt opp til en mogleg forventa tidshorisont på tiltaket på 10 år, med ytterlegare 10-15 år dersom fjellreven skulle etablere seg på fast basis. I denne samanhengen meiner nasjonalparkforvaltar at det er mest hensiktsmessig å dele opp tidsperioden og gje løyve for 5 år om gongen, slik at ein kan gjere undervegsvurderingar av tiltaket.

Tiltaket blir sett på som positivt da føring av fjellrev kan bidra til å sikre fast tilhald og auka aktivitet av fjellrev i Breheimen, i tillegg til å binde saman dei større fjellrevbestandane i Noreg. Verneverdiane eller verneformålet blir ikkje nemneverdig påverka ved at føeringsautomatane blir sett ut, og den samla belastninga vil ikkje bli større enn den er i dag dersom vilkåra i saken blir følgt. Tiltakshavar pliktar å iverksette dei tiltak som er naudsynt for at naturmangfaldet ikkje skal bli skadelidande. Om ikkje dette blir gjort kan tiltakshavar bli pålagt å setja i verk tiltak for å rette skaden i ettertid. Når det gjeld miljøforsvarlege teknikkar blir dette sikra gjennom vilkåra som ligg i saken.

Breheimen nasjonalparkstyre
stein.grevrusten@statsforvalteren.no

Deres ref: Se først avsnitt
Vår ref: **475.1/2025**

Lom Fjellstyre
lom@fjellstyrene.no

Sted: Trondheim
Dato: 23.04.2025

Sjåk Allmenning
kjetil@skjak-almenning.no

Søknad om støtteføringstiltak for fjellrev i Breheimen

Arbeidet for å bevare fjellreven i Norge har nå gått i mange år ([se siste statusrapport](#)). Det startet med å reetablere fjellrevbestanden i Snøhetta/Knutshø 2007-2010. Fra 2009 til 2012 ble det satt ut til sammen 71 fjellrever fra avlsprogrammet for fjellrev i Finsetraktene og fra 2012-2017 satt ut til sammen 123 fjellrever, supplert med ytterligere 25 i 2024-2025 på Hardangervidda. Det er imidlertid langt mellom Snøhetta/Knutshø og Finse/Hardangervidda, og basert på genetiske analyser ser vi nå behov for å styrke konnektiviteten mellom disse delbestandene.

Knyttet til en ekstrabevilgning til fjellrevarbeidet over statsbudsjettet våren 2025 er det satt av midler til å utvide støtteføringen. NINA har anbefalt, og fått støtte for, å forsøke å etablere flere mindre delbestander mellom Snøhetta/Knutshø og Finse/Hardangervidda, med tanke på å øke konnektiviteten mellom disse litt større kjernebestandene. Det ble i fjor oppført to førautomater i Reinheimen, som nå økes til tre, det søkes her om oppsett av inntil seks førautomater i Breheimen (som denne søknaden omfatter) og det er søkt om oppsett av inntil ti førautomater i Skarvheimen.

Det er lite kunnskap om historisk utbredelse av fjellreven i Breheimen/Jotunheimen, men innmeldte observasjoner fra publikum viser at det farer en del fjellrev gjennom disse fjellområdene. Disse fjelltraktene har aldri vært kartlagt for forekomst av fjellrevhi, men det er all grunn til å anta at fjellreven har vært vanlig forekommende. Vi ser at etter hvert som fjellreven etablerer seg i nye områder, så finner den raskt tilbake til de gamle hiene. Basert på at det foreløpig er lite kunnskap om utbredelse av gamle fjellrevhi, ønsker vi nå foreløpig bare å sette opp to førautomater i Breheimen, men søker her om tillatelse til å sette opp inntil seks førautomater, som gir en mulighet for oppføring av ytterligere fire dersom det skulle dukke opp aktivitet i andre deler av fjellområdet.


Etter samråd med lokalt SNO, som også har forspurt fjellfolk i distriktet, så søker vi om å sette opp en førautomat i området Tverrfjellet/Grjotådalen (som ligger på Sjåk Allmenning) og en i området Krosshø, nord for Sognefjellshytta (som ligger på Statens grunn, Lom Fjellstyre), og avvente oppsett av ytterligere førautomater til områdene er noe bedre kartlagt med tanke på forekomst av gamle hilokaliteter. Eksakte UTM posisjoner på førautomatene ettersendes etter oppføring, da dette må justeres etter lokale snøforhold, praktisk atkomst mm.

Utforming

Førautomatene består av tre jelsafat, (et liggende og to stående, se illustrasjon under) som er koplet sammen. Inngangen er et 150 mm rør som begrenser rødreven og andre åtseleteres muligheter for å benytte seg av føret. Det settes opp 1-2 lagertønner i umiddelbar nærhet der tørrfôr kan lagres for påfylling til fots sommerstid, f.eks.

slik som gjort i Reinheimen, stroppet sammen med fôrautomaten (se bilde under). Fôrautomaten forankres i nærliggende stein/fastgrunn. Etter flere års erfaring har vi kommet til at det er best å bore ned forankring i fjell og feste tønnene med vaier og jekkestropper, eventuelt supplert av noe stein i inngangspartiene for å beskytte mot vær og vind. Tønnene kan kamuflasjefarges etter bakgrunnen dersom det er ønskelig/behov, men det slites fort av så vi har ikke så all verden god erfaring med dette.

Fôrautomatene og lagertønner settes som regel opp i tilknytning til kjente fjellrevhi med aktivitet, ikke på selve hilokaliteten, men på egnet sted 150-300 m fra hiet (max 500 m). UTM posisjoner legges inn i forlogg [Fôrlogg \(nina.no\)](https://fjellrev.fona.no) (den digitale plattformen for tilsyn med fôrautomatene) og rapporteres til forvaltningsmyndighetene og grunneier etter at utstyret er satt opp hvis ønskelig, men merk at alle posisjoner knytt til fjellrev er unntatt offentlighet. Derfor legges ingen posisjoner eller kart ved denne søknaden. Når det gjelder eventuelt oppsett av ytterligere fôrautomater vil det avklares med dere før det iverksettes.



Teknisk tegning av fôrautomatene, se også foto under.



En av de oppsatte fôrautomatene i Reinheimen, med lagertønne stroppet uten på automaten. Viltkamera og informasjonsskilt festet på stolpen. Foto: Per Olav Haugen, SNO

For både å ha tilsyn med tiltaket, og for å dokumentere fjellrevens etablering og bruk av fôrautomatene, eventuelt forekomst av øremerkede eller radiomerkede rever, settes det opp et viltkamera på en p le framfor automaten.

Vi har etter flere års erfaring kommet til at det er best å plassere kamera på ca. 5-10 meter avstand fra fôrautomaten, aller helst i tilknytning til en stein slik at det ikke blir så lett synlig. En slik plassering gir oss også mer kunnskap om interaksjoner med arter i fjellområdet, så som rødrev, kongeørn og jerv, eventuelt også forekomst av løse hunder. Det er også lettere å dokumentere forekomst av sykdommer eller skabb når kamera er plassert med avstand til fôrautomaten.

Både fôrautomat og kamera er merket med bestandige stålskilt som forklarer hva dette er, QR kode til prosjektsider og kontaktinformasjon til SNO lokalt og NINA.

Varighet

Vi søker om dispensasjoner for de tekniske installasjonene med en varighet på ti år (2025 – 2034), basert på en forventning om at tiltakene må pågå ytterligere 10-15 år før fjellrevbestanden kan regnes som levedyktig uten tiltak. Det må legges til at denne tidshorizonten er høyst usikker og foreløpig, beregnet ut fra den vekstraten vi hittil har sett i fjellrevbestanden. Det kan forventes en utflating av veksten slik vi ser konturene av i mindre fjellområder i Midt-Norge. Samtidig kan det forventes en økning dersom tiltakene utvides geografisk, f.eks. med oppsett av flere fôrautomater i flere fjellområder. Økt konnektivitet mellom delbestandene forventes også å ha sjølførsterkende positiv effekt.

Alle tekniske installasjoner fjernes ved opphør av tiltaket og eventuelt påvirkning av omgivelsene rundt tilbakeføres.

Finansiering og organisering

Bevaringstiltakene på fjellrev i Norge er finansiert av Miljødirektoratet. NINA har i oppdrag å koordinere tiltakene nasjonalt, sørge for alt utstyr, innhente nødvendige dispensasjoner, komme med råd for lokale tilpasninger av tiltakene, samt ansvar for å evaluere effekten av tiltakene. Fôrautomatene røktes av SNO og lokalt fjelloppsyn på kontrakt med SNO. Oppsynets ferdsel knyttet til fjellrevoppdraget er hjemlet i «Naturopsynsloven». Vår søknad er derfor begrenset til oppføringen av teknisk utstyr, fôrautomat med lagertønne og viltkamera på pøle ved fôrautomatene.

Litt avhengig av aktiviteten ved fôrautomatene så er det oppfølging av automatene ca. annenhver måned gjennom hele året, noen steder færre (der det er lite aktivitet av fjellrev), aller helst i samband med annet arbeid dersom det er mulig. Antall besøk justeres i forhold til aktivitet og medgått fôr. Alle besøk ved fôrautomatene loggføres i Forlogg (<https://www8.nina.no/Forlogg>) slik at statistikk på oppfølging og fôrforbruk kan hentes ut og sammenstilles. Her kan det alltid også hentes ut en oversikt over det tekniske utstyret, samt deres eksakte UTM posisjoner, oversikt over tillatelser mm.

Informasjon

Ta kontakt om ytterlige opplysninger trengs for behandling av søknaden. Vi er ellers positive til å bidra med informasjon om fjellrevprosjektene for lokale fjellstyrer, nasjonalparkstyrer, tilsynsutvalg eller grunneiere. Det er lett å delta på møter via Teams i disse dager.

Vennlig hilsen

Nina E. Eide

Seniorforsker

Norsk institutt for naturforskning - NINA

73 80 14 00 • 95 70 43 83 • www.nina.no

Kopi sendt til:

Miljødirektoratet	post@miljodir.no
Statens Naturoppsyn	per.olav.haugen@miljodir.no , jo.trygve.lyngved@miljodir.no , tord.bretten@miljodir.no kari.bjorneraas@miljodir.no



Arkivsaksnummer: 2025/8157-2

Saksbehandlar: Stein Magne Grevrusten

Dato: 29.09.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	34/25	03.10.2025

Honnsrøve NR - dispensasjon - 2025 - oppføring av ny utedo - Skjåkvegen 4408 - Rolv Enersvold

Innstilling frå forvaltar

- 1.** I styremøte den 3. oktober 2025 har Breheimen nasjonalparkstyre vedteke å gje Rolv Enersvold og Kari Mette Gjeisar løyve til å setje opp ny utedo ved hytte i Honnsrøve naturreservat. Løynet er fatta med heimel i fyrste alternativ i § 48 i naturmangfaldlova.

Samstundes har Breheimen nasjonalparkstyre vedteke å gje avslag på den delen av søknaden som omhandlar bruk av saltak på utedoen. Med bakgrunn i tidlegare saker skal det brukast pulttak på småe utedoar. Avslaget er fatta med heimel i § 48 i naturmangfaldlova.

Følgjande vilkår gjeld for løyvet:

- Utedoen skal plasserast slik som vist på kartet i søknaden.
- Utedoen skal byggjast etter mål (1,2 x 1,7 m utvendig mål) slik det er skissert i søknaden.
- Taket skal utformast som pulttak.
- Kledning og farge på utedoen skal vere lik som på hytta.
- Etter at byggearbeidet er avslutta skal restar av materialar og utstyr transporterast ut av området.
- Løyve til oppstart av byggetiltaket gjeld i 3 år frå vedtaksdato. Det skal sendast rapport med bilete frå byggetiltaket til sekretariatet når arbeidet er slutført.

- 2.** I styremøte den 3. oktober 2025 har Breheimen nasjonalparkstyre vedteke å gje Rolv Enersvold og Kari Mette Gjeisar løyve til motorferdsel i samband med oppføring av ny

utedo ved hytte i Honnsrøve naturreservat. Løyvet er fatta med heimel i fyrste alternativ i § 48 i naturmangfaldlova.

Følgjande vilkår gjeld:

- Det skal brukast leigekøyrar som er godkjent av Skjåk kommune.
- Løyvet gjeld *inntil* 4 turar-returar i 2025-2026.
- Løyvet gjeld fram til 20. april 2026.
- Løyvet gjeld ikkje sundagar og andre heilagdaggar.
- Transporten skal gå føre seg med aktsemd for å unngå skade på naturmiljø og av omsyn til friluftslivet.
- Statens naturoppsyn Breheimen skal ha melding på SMS seinast dagen før køyring (Jo Trygve Lyngved tlf.: 992 40 416).
- Løyvet til motorferdsel og køyrebok skal vere med under transporten.
- Køyrebok skal fyllast ut før turen startar og liggje i køyretøyet under turen saman med løyvet.
- Køyrebok skal sendast forvaltningsmyndigheita innan 1. juni 2026.

Vi gjer oppmerksam på at dette løyvet berre gjeld i forhold til naturmangfaldslov/verneforskrift for Honnsrøve naturreservat. Søkjar er sjølv ansvarleg for å innhente eit eventuelt løyve etter anna lovverk frå Skjåk kommune og/eller grunneigar.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men sendast til Breheimen nasjonalparkstyre.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad frå Kari Mette Gjeisar og Rolv Enersvold, datert 16.07.2025.

Saksopplysningar

Undertegnede søker Skjåk Allmenning og Breheimen Nasjonalparkstyre om løyve til å etablere utedo i tilknytning til hytte ved skjåkvegen 4408 i Nordberg.


I dag er det montert et cinderella forbrenningstoalett inne i hytten. Dette fungerer etter forholdene bra, men har de siste årene hatt noe trøbbel med at den har gått i stykker når vi har vært på hytta. Alternativet da både sommer og vinter er å gjøre fra seg i skogen, noe som ikke er ønskelig. Det oppleves også innimellom som en utfordring på kapasitet når det flere personer på hytten samtidig, slik at en utedo hadde vært greit å sette opp som en reserveløsning og til avlastning for forbrenningstoalettet. Luktproblematikken er også til stede ved stillestående vær når den brukes ofte.

Ønsker derfor å sette opp en utedo i samme stil som hytten i stav og laft, med torv på taket, slik at hele tunet ser gjennomført ut. Årsaken til dimensjoneringen er nettopp for å tåle vekt på taket med torv, og opp mot 2 meter snø på vinteren. Utedoen er tenkt satt opp ca 10 meter vest for anneks se inntegnet på kart vedlegg. Bredde på utedo er 1,70 meter. Dybde 1,20 meter. Utedoen vil få samme farge som resterende bygg.

Frakt av materialer vil foregå med båt, alternativ innleid snøscooter med løyve i området vinterstid. 2-4 turer fra riksveg 15 over isen og bort til hytte. Avstand på ca 600 meter.



Bilete av utedo/råbygg.



Kart over plassering av utedo.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Miljøverndepartementet har i brev av 13. august 2015 delegert forvaltningsmyndighet for Honnsrøve naturreservat til Breheimen nasjonalparkstyre. Dette er gjort med medhald i naturmangfaldlova § 62.

Verneformål – forskrift

Formålet med fredinga av Honnsrøve naturreservat er å ta vare på eit tilnærma urørt skogområde som økosystem med alt naturleg plante- og dyreliv. Av spesielle kvalitetar kan nemnast at området er stort, det er lite påverka av inngrep, delar av området har karakter av furuurskog og området har ein av Europas største kjende førekomstar av arten ulvelav.

Oppføring av bygning

Etter verneforskrift for Honnsrøve naturreservat, er all oppføring av varige og mellombelse bygningar i reservatet forbode, jf. § 3 pkt. 3. I dei generelle dispensasjonsreglane § 6 i verneforskrifta står følgjande: *Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå fredingsføresegnene når føremålet med fredinga krev det, for vitskaplege granskingar, arbeid av særleg verdi for samfunnet, og i særskilde høve dersom det ikkje strir mot formålet med fredinga.*

Søknaden om oppføring av utedo må vurderast etter § 48 i naturmangfaldlova: *Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.*

Motorferdsel

Etter verneforskrifta for Honnsrøve naturreservat § 3 pkt. 4 er motorferdsel til lands og på vatn er forbode. I dei generelle dispensasjonsreglane § 6 i verneforskrifta står følgjande: *Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå fredingsføresegnene når føremålet med fredinga krev det, for vitskaplege granskingar, arbeid av særleg verdi for samfunnet, og i særskilde høve dersom det ikkje strir mot formålet med fredinga.*

Søknaden om motorferdsel må vurderast etter § 48 i naturmangfaldlova:

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

Om bruken av naturmangfaldslova

§ 48 er i utgangspunktet meint for upårekna tilfelle eller spesielle/særlege tilfelle som ikkje vart vurdert ved opprettinga av verneområdet, i fyrste rekkje bagatellmessige inngrep eller forbigåande forstyringar.

Forvaltningsplan

Honnsrøve naturreservat er ikkje nemnt i forvaltningsplanen for verneområda i Breheimen, men for dei andre verneområda står følgjande retningslinjer i forvaltningsplanen:

- Om oppføring av bygning står det bl.a.:

Det skal gjerast ei streng vurdering av søknader om byggjeløyve, særleg i nasjonalparken. Stadfesta behov og verknad på verneverdiane skal eventuelt vektleggast.

All bygging skal tilpassast landskapet, og skje i samsvar med lokal og tradisjonell byggeskikk og eksisterande bygningsmiljø.

- Om transport av ved, varer, utstyr og materialar til stolar (setrer) og hytter står det bl.a.:

Etter søknad kan det gjevast inntil fireårige løyve for transport av ved, varer, utstyr og materialar til stolar (setrer) og hytter. Det er eit mål å samordne tidsperiode med kommunale løyve etter motorferdsellova.

Det vert berre gjeve løyve til nyttetransport. Det er ikkje høve til å gje løyve til rein persontransport, men personar kan sitje på så lenge dette ikkje medfører ekstra behov for køyring ved transport av bagasje, materialar, utstyr eller ved til hytter og stolar (setrer) i verneområda.

Naturmangfaldlova

I tillegg til behandling etter verneforskrift/naturmangfaldlov må søknaden også vurderast etter naturmangfaldlovenes miljørettslege prinsipp som er nedfelt i §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlag, føre-var prinsippet, samla belastning på økosystemet, kostnader ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar, samt miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder), jamfør § 7.

Vurdering

Rolv Enersvold og Kari Mette Gjeisar har ei hytte i Honnsrøve naturreservat. Hytta ligg heilt i ytterkanten av naturreservatet, berre 20 meter innanfor vernegrensa ved Vuluvatnet i Skjåk kommune. Med bakgrunn i utfordringar med doen som er etablert innandørs i hytta, ønskjer dei å byggje ein ny frittstående utedo ved hytta.

Nasjonalparkforvaltar meiner at det er tilstrekkeleg med kunnskap om området og konsekvensane av tiltaket. Med bakgrunn i databasar (Naturbasen og Artsdatabanken), forvaltningsplanen for Breheimen, ulike naturfaglege rapportar og generell kunnskap om området, er det god oversikt over kva som kan påverke natur og miljø negativt. For å ivareta naturmiljøet kan forvaltningsmyndigheita bl.a. stille villkår som har som formål å avgrense ein eventuell skadeverknad av eit løyve. Det er ikkje registrert kulturminne i området der utedoen skal stå, og det er heller ikkje registrert trua artar på staden i Naturbasen. I Breheimen nasjonalparkstyre sitt forvaltningsområde er det 2 naturreservat. I Høyrokampen naturreservat er det ingen bygningar/hytter, og i Honnsrøve naturreservat er det totalt to hytter som ligg heilt i ytterkanten av verneområdet (§ 8).

Forvaltningsplanen seier ikkje noko om kva som er tradisjonell byggeskikk for utedoar i Breheimen, men det mest vanlege er utedoar med pulttak. Etter ein gjennomgang av alle registrerte utedoar i Naturoppdrag viser at litt over 76 % av utedoane i Breheimen og verneområda rundt har pulttak. I Reinheimen og verneområda rundt er over 86 % av utedoane registrerte med pulttak. Liknande saker som er behandla både i Breheimen og Reinheimen den siste tida viser at det har vorte stilt krav om pulttak på utedoar. Det vil derfor vera naturleg å stille det same kravet i denne saka. Det er viktig å påpeike at forvaltningsplanen for Breheimen ikkje er gjeldande for Honnsrøve naturreservat, sidan arbeidet med planen allereie var godt i gang da nasjonalparkstyret fekk ansvar for forvaltninga av Honnsrøve. Men det er naturleg å sjå til planen og praksisen i verneområda for å få ein så lik behandling som mogleg på tvers av områda.

Med bakgrunn i kunnskapsgrunnlaget meiner nasjonalparkforvaltar at det ikkje er nødvendig å ta i bruk *føre-var-prinsippet* (§ 9) i saka dersom takutforming blir endra til pulttak. Utedoen blir vurdert som naudsynt for å dekke ein nødvendig funksjon for ei hytte som er i bruk. Forvaltar kan ikkje sjå at ein utedo på 1,2 x 1,7 meter (utvendig mål) vil vera i strid med verneformålet i dette tilfellet. Det har i dei fleste tilfella vorte gjeve løyve til oppføring av mindre utedoar der det har vore behov for dette tidlegare. Forvaltar kan ikkje sjå at verneverdiane eller verneformålet blir nemneverdig påverka i denne samanhengen. I forhold til økosystem-tilnærming og samla belastning, vurderer nasjonalparkforvaltar at det er forsvarleg å tillate oppføring av ny utedo som omsøkt, men da med ei endra utforming av taket til pulttak. Den samla belastninga vil ikkje bli større enn den er i dag dersom vilkåra i saken blir følgt. Nasjonalparkforvaltar meiner at denne saka ikkje vil medføre noko stor fare for presedens (§10). Tiltakshavar pliktar å iverksette dei tiltak som er naudsynt for at

naturmangfaldet ikkje skal bli skadelidande. Om ikkje dette blir gjort kan tiltakshavar bli pålagt å setja i verk tiltak for å rette skaden i ettertid. Når det gjeld miljøforsvarlege teknikkar blir dette sikra gjennom vilkåra som er stilt i saken (§§ 11-12).